

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 64

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Gol

Emne: Død og begravelse

Bygdelag: Øydgardane

Oppskr. av: Hallvard Svello

Gard: Svello

(adresse): Lambertsetrev. 5  
Nordstrandhøgda

G.nr. 34 Br.nr. 10

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eige røynsle og

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
etter Endre Svello, 84 år, småbrukar og kommunal tenestemann

## SVAR

I. Dei mest kjende varsl om død var ymse dyrelåt. Når reven tok til å skrika i nærleiken av eit hus eller ein gard om vinteren, var det sikkert teikn at det var nokon feige der. "Røvu gaula so fält ova Svang no om neto so me kan nøk vente feigdebø snart der." Kom ei kattugle inn i eit hus på ein gard om natta, var det feige folk i huset. Elles varsla to pinnar eller strå i kross på ein veg eller på eit golv om dødsbod. Ymse reiskap, t.d. ei sag som hekk på ein vegg, kunde gje ljod frå seg, og då tydde det feigd i huset. Vardøgeret varsla at mannen var feig. Var han ute og kørde og dei høyrde vognrammel eller sledariking før han verkeleg kom, var han feig.

2. Det er ikke fortalt om varsl ved serskilte høve.

3. Dei visste ikkje noko serleg middel til å få veta om eit menneske skulde døy.

4. Dei veit ikkje at det var folk med serlege evner til å seia fyreat om død.

5. Det er ingen tradisjon om heilagmaur eller feigdarlus.

6. Dei veit om folk som har fått helhunger. Dei kalla det ulvesjuka i Gol. Det er ikkje lenge sidan ein mann fekk denne sjuka. Han åt opp heile ~~fat~~ <sup>fat fullt av grønt</sup> men vart aldri mett. Han levde ikkje lenge.

7, 8 og 9. Det er ingen tradisjon i bygda om nokon slike åtgjerder som er nemnde i desse 3 spørsmåla, før som skulde ha noko å seia for døds Kampen.

10. Dei har brukt å senda bod etter presten, heilt sidan Gol fekk eigen prest i 1838. Før den tid var det nok ikkje råd å få tak i prest til døyande folk, han var for langt burte.

11. Det har heilt til no nyss vore eit heilt kav å få presten til husar i ei bygd som Gol. Det er store avstand mellom gardane mange stader, og lange vegar til prestegarden, og mange stader ringe vegar fram til folk. Dei måtte då etter han med hest og køyregreider, og frå avsiddes grender utan veg med ridehestar. Det var berre nokre få menneske rundt prestegarden, som kunde hente han utan

utan føring. Medan dei var i veg etter presten, vart den sjuke stelt i stand til å gå til alters. Det vart skifta på han, og han vart vaska og stelt so godt det let seg gjera. Det vart bytt sengetøy, der dei hadde noko slikt å skifte med. Det vart ogso snugga noko i huset so det vart noko meir reinslegt og triveleg, å sjå til. Folka i huset helgekledde seg, og var alle samla inne når presten kom. Når presten kom, helste han på husfolket, og når han hadde fått av seg reiseklede, tok han til å snakke med den sjuke, fyrst litt om sjukdomen hans og kor det elles stod til. Some av prestane var gode til å drøsa med dei sjuke som innleiding til nattverden. Drøset gjekk so over til ålvorstale om nåden og oppstoda. Men i mange høve kunde vedkomande vera so sjuk at det vart liten meining i all slags tale og tilstelling. Men nattverden skulde vedkomande ha, so sant han var i stand til å ta mot brødet og vinen. Presten stilte hostien og kalken på eit bord ved senga, og fylgde so eit noko avstytt ritual ved utdeling. Dei var ofte at dei næraste til den sjuke ogso fekk nattverden saman med han, serleg då mannen eller kona.

No er det lett å få tak i presten, for no er det bilveg til dei fleste heimar i bygda, og telefon er lett å koma til. Dei sender enno bod etter presten mest alle stader der det ligg folk for døden.

12. Dei sende ikkje bod etter andre folk, men det var ofte at grannar og kjenningar gjekk til vedkomande utan bod, når dei høyrde det leid mot slutten. Dei vilde gjerne gje dei ei siste helsing.

13. I eldre tid, fram til 1880 åra i Gol, var det jamt nokon som gav forskrifter om si eige likferd, og korleis alt skulde gå for seg. Mange la tilsides ei pengesum, som skulde nyttast til gravferda, og dei sette fast kor mykje brennevin og kaffi det skulde til o. s. b. Mange fekk fastsett i kårkontrakta si, kva slags gravferd dei skulde ha. Dei med god råd fastsette ofte ei drusteleg likferd for seg sjølve. Gjestebodet skulde ta so og so lang tid, og det skulde vera i overflo med mat og drikke. Dei sette si ære i det å koma i jorda på ein måte som kunde spørjast og verta omtale etterpå.

14. Bygdemålet nyttar desse nemningar for det å døy: søvne, fløta (tjukk l), sleppe, fara, sløkne. Det er i imperfektum/desse verb vert nytta: Han ha' søvna no. Ho ha fløtt. Han ha sløppe no (serleg når den døde har vore svært sjuk) Ho for no for lite sea. Ho ha' sløkna no. I notid, når døden kjem seier dei: Han slepp snart. No er det slutt.

At døden var der og at det var fullført vissa dei seg om med eit brennande ljøs eller ein liten spegel framfor munnen til den døde.

16. Det er ingen tradisjon om skindød i Gol.

17. Dei let at augo på den døde, men dei la ikkje noko på augneløka.

18. Dei la noko under hoka, ei salmebok eller dei batt

opp hoka med ei ein duk.

19. I eldre tid gjekk det bod til næraste grannane. Det gjer det ikkje no lenger. No lyser dei dødsfallet i blada.

20. Ein som hørde huset til, gjekk med bod. Den rette bedarmannen gjekk fyrst når han skulde be til gravferda.

21. Vi har aldri høyrte noko om at dyra skulde få bod.

22. Dei hengde straks noko fyre vindaugo, og breidde eit klede over liket.

23. Dei gjekk straks i gang med å ta liket or senga, og gjekk i gang med å stelle det. Dette dersom døden kom med dagen. Kom døden om natta, låg liket overbreidt i senga til om morgonen.

24. Liket vart lagt på eit bord eller på ein benk, der det vart stelt.

25. Det vart ikkje brukt halm under liket.

26. Uttrykket å liggja på likstrå er ikkje lenger i bruk i bygdemålet no. Dei gamle brukte det, og meinte so vidt me kan skjöne no, heile tida liket låg i seng, på bord og i kista, so lenge til kisteloket vart påsett.

27, 28 og 29. Nokon brenning av halm eller klede og andre ting har ikkje vore i bruk i bygda so langt tradisjonen rekk. Det er ingen som veit noko om det. Dei har sjølv sagt skift ut den halmem som var i senga då nokon døde, men kva dei gjorde med den halmen veit dei ingen ting om no.

30. Var det om dagen, tok dei straks til med å stelle liket. Var det om natta, venta dei til morgonen.

31. Det var i kvar grend helst visse kvende som kom og stelte liket, og so var det med nokon av kvinnene i i huset.

32. Dei hadde ingen serlege klede laga til dette. Etter det kom sjukesyster i bygda er ofte dei med, og dei har si systerdrakt.

33, 34, 35 og 36. Håret vart kjemba på den døde. Mennene vart barbert, neglene klypte, og liket vart vaska.

37. Likvatnet vart ikkje brukt til noko etterpå.

38. Å klæ liket kalla dei "å sveipe"

39 - 44. Det er ikkje noko anna namn enn likklæde i bruk. I gamal tid brukte dei likskjorte, og den hadde dei ferdig fyreåt. So lenge folk kan minnst har det ikkje vore ferdiglaga likklæde i bruk her. ¶ minst 100 år har dei sveipt liket i lereft eller laken. Det har ikkje vore brukt under- og overklæde. Det er heller ingen regel om at liket skal sveipast i lin.

45. Føtene skulde ikkje vera synlege.

46. Liket skulde ikkje ha sokkar og sko på seg.

47. Kvinnene fekk eit kvitt plagg sveipt om hovudet.

48- 50. Det var ingen skilnad på likklæde for gamle og unge, heller ikkje for barselkoner eller i andre serhøve. Blonder vart ikkje nytta.

51 - 53. For 25-30 år sidan tok dei til å kjøpe ferdige likklæde. No vert det bruka mykje, og i dei siste åra er det vorte til at dei er gjorde av papir. Kjøpte likklæde vert ogso kalla sveip.

54 - 57. Det er ingen no lenger som hugsar noko om at det å koma nær døde eller likklæde skulde hjelpe for, eller fremja sjukdom av noko slag.

58. Emne til likkiste hadde de liggjande på dei fleste gardar til etter 1900. Men det er ikkje nokon som hugsar at dei hadde ferdige likkister ståande.

59. So langt folk veit av no har det vore brukt spiker.

60. Det var stropper av reip på sidene til å bera kista etter.

61. Etter 1850 har kistene vorte arbeidde av bygdesnikkarar. Før den tid vart dei mykje laga av einkvan heime i huset.

62. Kista vart måla svart til etter 1900. Sidan har kista alltid vore kvitmåla. Den svarte fargen laga dei av kjønnrøyk og sot.

64. Det var ingen opning i kisteloket.

65. Etter at snikkarane tok til å laga kistene, vart det lagt noko høvelspon i botnen. Kva dei nytta før den tid, veit ingen no.

66. Puta vart stappa med fint høy.

67. No vert alle kister kjøpt ferdige, kvitmåla.

68. Den døde skal ingen ting ha med seg, og det er visseleg lenge sidan dei her i bygda har sendt med den døde noko utstyr. Det finst ingen tradisjon om det.

69. Det gjeld det same som for 68.

70. Til for 70- 80 år sidan vart kista pynta med halmkross om vinteren. Om somaren brukte dei lyng til pyntekrans på kista. Frå 1900 talet har dei brukt å leggja eit åklæde på kista, og sidan den tid er ogso kome skikken med kransar av alle slag på kista.

71 - 73. Det er ingen som no hugsar noko om at dei strødde frø eller anna rundt kista, la planter på liket, eller gjorde nokon åtgjerdsler so den døde ikkje skilde gå att.

74. Berre husfolka var med når liket vart lagt i kista.

75. Det var soleis ikkje noko gjestebod då dette vart gjort.

76. Når liket var lagt i kista, vart denne set ut i stabburshua, eller i ein kleve i stova om vinteren. Om somaren vart kista sett på låven.

77 - 78. Det vart strøytt granbar eller hakka brisk på golvet i det romet der kista stod. Var det i eit rom med vindaugo vart desse hengde føre so det vart mørkt inne. Elles var det ingen serleg pynting av staden der kista stod.

79 - 80. Barsal eller barhytte har aldri vore i bruk.

81. Stod kista på låven vart det lagt granbar fram til døra frå der kista stod.

82. Når dei bar kista inn der ho skulde stå, kom alltid hovudenden fyrst inn, og føtene kom til å vende mot døra. Men vi har ikkje høyrte noko om at det plent skulde vera so.

83. Føre 1900 var ikkje loket lagt på kista, medan den

døde stod lik. Dei la då ein duk over andletet til den døde.

84. Duken var eit enkelt kvitt plagg.

85. Duken kallast sveitteduk. Salvete er ikkje kjent i bygdemålet.

86. Grannar og kjenningar kom ikkje eins ærend for å sjå liket i kista. Det fekk dei sjå gravferdsdagen før dei tok ut til kyrkja.

87. Det er ikkje gravkapell i Gol enno.

88 fell då burt.

89. Det måtte ikkje vera støy og leven når det stod lik på garden. Det måtte vera stilt då, so lang råd var måtte folka gjera arbeidet sitt roleg og stillfarand; gå stilt i dørene, og ikkje la borna skrika og gaule ute eller inne.

90. Det var ikkje forbod mot noko slags vanleg arbeid.

91. Omgrepet sørgetid var og er ukjent i bygda.

92 fell då burt.

93. Serlege sørgeklæde hadde folk ikkje. Dei møtte opp i gravferda i dei beste helgedagsklæde dei hadde.

94 fell burt.

95 - 97. Det er ingen tradisjon om sorg og gråt, om oppvekkjing av døde ved gråt, og heller ikkje om råder til å lette sorga eller gråten.

98. Det var ingen regel om at likferda skulde vera på ein viss dag. Men det var aldri gravferd om sundagane.

99. Bygdemålet brukar ordet likferd. I det siste er nok ogso ordet begravelse kome noko i bruk.

100. I godt ver på somarstid vart liket sunge ut frå tunet. Om vinteren og i ruskever hadde dei den sermonien inne i stova.

101. Loket vart lagt på kisten før dei song liket ut. Medan folket samla seg stod kista open.

102. Det vart oftast lagt eit åklæde over kista når dei sette fast loket. Det var eit heimvove åkade av det dei hadde i huset. Det var ikkje åklæde av eit serleg slag i farge eller ellerform.

103. Det vart sett 3 brennande ljøs på kista når loket var sett fast.

104. Det var 3 ljøs på alle kister.

105 - 108. Når kista vart bore ut, tok 2 menner og kjømeisteren kvart sitt av ljosa og bar fyre kista ut om døra. Der tok nokon av kvinnene mot ljosa og bar dei innatt i huset. Dei tok dei ikkje med til kyrkja.

109 - III. Det må vera lenge sidan det tok slutt med likvoka og vokenatt i vår bygd, for det er ikkje lenger noko minne eller tradisjon om nokon nattevoking fyre likferdsdagen. Heller ikkje brende dei ljøs der liket låg natta fyreåt.

II2. Det er ingen som har høyrte om gråtekoner i vår bygd.

II3. Det er berre i dei husa som ligg ved prestegarden

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

I den grenda prestegarden ligg, at presten kjem i heimen før dei reiser til kyrkja med liket. I dei heimane der han soleis kjem - altso høyrer til belaget- der held han tale ved kista før dei tek henne ut. Elles møter presten opp ved kyrkja. Dersom det er likferd frå gamleheimen so møter presten opp og held tale der før dei tek ut.

II5 fell burt.

II6. Før i tida var det alltid kjømeisterar med som song ut liket. Det er det elles enno alle stader der ikkje presten kjem i heimen. Heilt sidan det vart namn til lærarar so har dei vore kjømeisterar i sine krinsar. Før den tid att går det segner om at det var visse karar som var gode til å syngja, som var kjømeisterar. Nokon av dei heldt tale og, og some var vidspurde for songen sin. Ein slik vart ved 1800 talet henta frå Gol og heilt til torpo for å vera kjømeister i store veitsler.

II7 - II8. Før 1900 drakk dei når dei samlast før dei tok liket ut. Det vart sendt rundt ølskåler ~~med~~ medan likferdslyden sat eller stod å venta på at kjømeisteren sette i gang. Men me kjenner ikkje noko serleg namn på denne skjenken, som velfraskål e.l. Men det er vel det det har vore frå fyrst av.

II9 - I21. Før 1900 var det nok dei næraste grannane som bar liket ut. Litt før der att i 1880 åra var det enda skikk at kjømeisteren nemnde opp dei som skulde bera ut kista. Per skule, den siste av dei gamle kjømeisterane - døde i 1893- hadde ein fast formel for dette. Då han hadde tala og sunge sa han: So tek ei ut desse ( namna på dei som skulde bera) til å bera han Nils ut på den siste kyrkjereisa hans.

I22 - I24. Det er ingen tradisjon i vår bygd om sermoniar korleis liket skulde ut or huset. Det var ingen regel om at føtene skulde vera fyrst. Kista vart ikkje set ned på dørstokken, og det er ingen no som har høyrte noko om ei serleg likdør, eller at dei saga hol i vegg.

I25. Det var strøyd med granbar på vegen over tunet

I26 - I27. Dei sette ikkje kista ned på tunet. Dei sette henne beint på vogna eller sleden, og det var ingen stans med skjenk e.l. der.

I28 - I30. Både kvinner og menn fylgde med til kyrkja og har so gjort i tida sidan 1900 talet. Før den tid var det mest mannfolk som fylgde til grava. Det er ikkje sagt noko om at kvinnene fylgde eit stykke på vegen.

I31. Det er ingen ny oppfatning at di fleire som er med ,di gjavare er det. Det var eit vanleg syn i gamal tid og at di større likferda var, di ærerikare var det og di gjavare var ettermålet. Det rekna etter kor mange hestar det var i ferda, og gjetordet gjekk lenge når det hadde vore overlag mange hestar og mykje folk i likferda.

I32. Ved grindestolpane der vardsvegen frå likferds-garden førde ut på hovudvegen, var det reist grantre ved

kvar av stolpane, og gardsvegen var strøyd med granbar. Grannane la granbar i ~~gaga~~ gardsvegane sine, der dei kom inn på hovudvegen.

I34 Dei heiser flagget på halv stong no i heile gren-  
da, og likeins på gardane langs kyrkjevegen, der dei har  
flagg. Men det er likferdsdagen dei gjer det, ikkje den  
dagen vedkomande døyr.

I35 fell burt. Flagheisinga kom i bruk etter som  
folk fekk flagg og flaggstenger, pålag frå 1900. Før den  
tid var det ikkje mange som hadde flagg i bygda.

I36 - I38. Det har ikkje vore i bruk å heise flagget  
til topps når gravfestinga er over. Flagga har hange på  
halv stang heile tida. Dei brukar å heise flagget til  
vanleg flaggtid den dagen og, og tek det ned som vanleg.

I39. Likfylgjet ~~sansa~~ ikkje på kyrkjevegen.

I40. Folket på gardane der likfylgjet fer framom,  
gjer ingen serlege åtgjerder når fylgjet fer framom.

I41 fell burt

I42. Likferdsfolket skulde no ikkje fara med skråll  
og rop. Det skulde helst vera stille på ferda til kyrkja.

I43. Det er ingen som hugsar nokon kvile- eller  
likstein langs vegane no.

I44 fell burt.

I45. Dei la granbar under kista på vogne eller sleden  
når dei hørde.

I46. Det var ingen regel om serleg farge på likhesten

I47. Dei vilde ikkje ha føltunge merrar for likvogna  
eller sleden. Var merra på garden med føl, måtte dei låne  
hest hjå grannane.

I48. Til kyrkja skulde dei køyre smått og sakte.

I49. Heimover køyrde dei fort. Nett kapp køyring var  
det ikkje, men dei likte å raspe på med god fart då, og  
vise at dei hadde spreke hestar.

I50. Likvogna vart køyrd av husbonden eller beldste  
sonen.

I51. Køyraren gjekk ved sida der det var ring veg.  
Var det god veg, sette han seg opp framme på kista.

I52. Ingen andre enn køyraren sat på kista.

I53. Før det vart køyrevegar har dei some stader  
der det var ulendt og vondt å koma fram, brukt lingser.  
Men det er ikkje mange stader i Gol verre enn at dei kan  
koma fram med slede, ogso om somaren.

I54 - I55. Det er ingen tradisjon om at dei kunne  
sjå noko inn i dekket bak døden, og heller ikkje om  
at noko var serleg utsett til å verta salige etter døden.

I56. Dei som hadde bore kista ut, tok henne ogso frå  
køyredninga og bar henne til grava.

I57 - I58. Det var ingen gravreidskap lagra i kyrkja.  
Etter det vart gravar, tok han vare på reidskapa. Før  
det vart fast gravar og kyrkjjetenar (det vart det i Gol  
i 1880 åra) hadde dei reidskap med seg heimanfrå.

I59 sjå svar på I56.

160. Dei bært likhesten og dei andre hestane utanfor kyrkjegarden, medan gravfestinga gjekk for seg.

161. Presten møtte opp ved kyrkjegardsporten, og gjekk ved sida av kjømeisteren fyre kista fram til grava.

162. Kista vart ikkje bore rundt kyrkja.

163. Frå 1882 vart det skikk å bera <sup>sinne lik</sup> ~~ein og annan~~ inni kyrkja, og so halde tale der. Den fyrste som vart bore inn i Gol kyrkje som lik og gravsett derifrå var ordførar Østen Ro, som døde i 1882. No er det meir vanleg at gravfestinga går for seg frå kyrkja.

164. Kjømeisteren og presten (dersom han var med, det var han ikkje alltid) gjekk føre og song når kista vart bore til grava.

165 - 166. Kista vart ikkje bore rundt grava. Ho vart sett ned ved sida av grava, og so festa dei reip i handtaka og senka henne ned. Det vart ringt når likfylgjet kom so langt at ringjaren såg det frå tårnet, og til det kom fram til kyrkjegardsporten. So vart det ringt når presten var ferdig. Før når likferdsfolka sjølv kasta grava til, vart det ringt når dei var ferdige.. No er det gravaren som kastar på grava etter likferdsfolka er reist.

167. Fast gravar vart det i 1880 åra. Sidan dei tok den nye kyrkjegarden i bruk i 1882, har det vore gravar og kyrkjetenar.

168. Gravaren har ikkje noko anna namn enn gravar.

169. Før kasta skyldfolket til den døde opp grava. Dei gjorde det fyre gravferda.

170. Ei tid etter det vartvfast gravar, kasta likferdsfolka på grava før dei gjekk frå kyrkjegarden.

171. Det var berre presten som kasta jord på kista.

172. Det vert fortalt at dei gamle meinte at dei døde fekk ikkje skikkeleg fred før dei var festa til jorda, bundne til gravfreden med vigd jord.

173. Kunde ikkje presten vera med å jordfesta den dagen likferda var, gjorde han det ein sundag etterpå føre messa. Det vart då sett ein staur eller ei fjøl opp frå kisteloket opp i dagen når dei kasta på grava. Når so presten jordfesta etterpå drog dei denne staven eller fjøla opp, og presten slepte jord ned på kista gjennom holet.

174. Gravene vart ringt pynta og stelt i gamal tid, Dei stabla dei avspadde torvene opp i ein haug over jorda, sette ein trekross ned i øvre enden av grava, og so vart det ikkje meir gjort. Det var ikkje lenge før grava grodde over med gras, krossen datt ned og so låg det slik.

175. No vert gravene fint stelte og pynta med blomar og planter. Det er ingen fast dag i året dei gjer det. Dei gjer det mest om våren når det høver for vedkomande.

176 - 180. Sjølvmordarar vart i føre hundraåret lagt i kiste som andre, men nokon likklåde eller stell elles

fekk dei nok ikkje. Kista skulde lyftast over gjerdet til kyrkjegarden+ Sjølvmdaren var t gravsett inn til kyrkjegardsmuren, helst burte i eit hjørna i kyrkjegarden.

180 - 181. Udøpte småbarn og for tidleg fødde barn vart sett ned i andre graver.

182. Ordet gravøl vert ikkje nytta i bygdemålet. Det heiter alltid likferd.

182. Det var fast bedermann i alle grendene i bygda heilt fram til omlag 1900. Bedarmannen var i dei fleste høve ein litt eldre mann.

184. Bedarlaget, eller grende som det heiter i Gol, var den same krinsen som hørde til å vera med i alle slags gilde, som bryllaup, dugnad o.a.

185. Bedarmannen hadde dei vanlege helgedagsklæda på seg når han gjekk og bad til likferds.

186. Bedramannen måtte fylgja visse reglar for framferd når han gjekk i sitt ærend. Han måtte fara stilsleg og verdig fram. Han sa fram ærendet sitt i innlærde faste talemåtar. Han gjekk ikkje lenger enn innanfor døra. Komen dit, tok han av seg hatten eller huva og sa so fram lekse si. Oftast hadde han ein stav i handa.

187. Bedarlekse som dei brukte i vår grend er kome i gløyme no.

188. Dei var ingen plikt å beverte bedarmannen, men ofte fekk han noko. Det vert fortalt frå rett gamal tid at han tok mot skjenk i kvart hus so lenge han greidde å stava seg fram, og at han då gjerne kunde seia fram bedarbøna på underleg vis i dei siste gardane.

189. Bedarbrev vart ikkje sendt.

190. Fram til i 1880 åra vara likferda i 2 dagar etter garda- og velstandsfolk. I husmannsplassane og hjå dei fatige vart det frå seg gjort med ein, <sup>to</sup> ein halv dag, eller ofte med ei liten stund berre.

191. Trakteringa i dei store likferdene var som i andre gjestebod : skjenk og biteti før dei tok til kyrkja, stort kjøtmåltid med mykje drikke til når dei kom att frå kyrkja. Seinare var det kaffi og so kveldsmat. Andre dagen kom gjestene til middag og so var det som dagen før.

192- 193. Dei kunne nytte all slags mat, og det var ingen skilnad anten den døde var gift eller ugift.

194. Slektningane var ikkje fri arbeidet med å stelle til likferd. Det var helst dei som hadde det meste arbeidet med førebuinga.

195. Arbeidet heldt ikkje opp i grenda likferdsdagen. Berre på garden der gjestebodet var, vart arbeidet innstilt.

197. Gjestene hadde sendinga med seg til vanleg. Men det var nok ogso skikk at til dei store likferdene kunde dei ~~sende~~ bera sendinga burt i likferdshuset kvelden før.

198. I dei høve var det kona som gjekk med sendinga. Ho var vanleg helgedagsklædd i slike ærend.

198. Kona som kom med sendinga om kvelden, vart traktert men det var ikkje nokon tilstelling i det høve.

199 - 200. Det var ingen regel for pynting av sendingane, og heile og halve sendingar har me ikkje høyrte gjete i Gol.

201. Overgangen til meir enkle likferdsskikkar gjekk for seg i slutten av det 19. hundraåret. Då vart det no heilt slutt med fleire dagars likferd. Sendingane vart mindre, og frå 1920 åra vart det heilt slutt med dei. Trakteringa i heimen til den døde var mykje enklare, og gjekk over til å verta berre eitt måltid med kaffi etter. ~~Der sist~~ Sidan i 1940 åra har det vorte meir og meir slik at likferdslyden ikkje vert traktert i huset. Dei får no eit hotell eller pensjonat til å ta på seg tilstelling og so samlast lyden der til middag og kaffi når dei kjem att frå kyrkja.

202. Etter 1900 vart det slutt med å by brennevin i likferd. Heller ikkje øl vart bruke i likferd etter den tida endå maltølbyggjinga heldt fram endå ei tid.

203. Ølbryggjing og sending var ikkje lenger i bruk ved likferd enn ved andre gjestebod. Tvert i mot heldt skikken seg lenger ved bryllaup og dugnad.

204. Sidan 1900 talet har det vorte meir og meir i bruk å sende krans til likferda.

205. Gamle folk kan hugse dei fyrste likferdene der dei såg kransar. Det var i 1880 åra.

206. Dei fyrste kransane vart nok laga heime av lyng, og naturblomar dei plukka på marka og av bar om vinteren.

207. No vert det ogso brukt silkeband med og utan påskrift på kransane. Det tok dei til med etter 1900.

208 - 209. No vert dei fleste kransane liggjande på kista og fylgjer med i grava. 2 - 3 kransar kan verta tekne av og lagt oppe på grava og der vert dei liggjane. Fyrste dei tok til med kransar, tok dei dei av kista og og hengde dei opp i kyrkjesvala på veggene der, og når der var fullt, tok dei til å gå innover kyrkjeveggene med dei og . Men dei måtte no slutte med det då det slett ikkje tok seg ut med alle slags kransar i heile kyrkja. Og so tok dei til å grava kransane ned med kista.

210 - 211. Om trakteringa no er det fortalt under 201- 203.

212. Ålment tok dei til å lyse ut likferdene i blada sidan 1920 åra. Heilt vanleg har det vorte fyrst etter 1945.